



GJØVIKREGIONEN UTVIKLING

Til høyringsinstansane
(sjå vedlagt oversikt)

Gjøvik, 27.04.2017

Høyring – Regional strategi for utvikling av bumiljø og lokalsamfunn (prosjektet Connected Living)

I samband med kommunereforma sette fylkesmannen i Oppland i gang eit nasjonalt pilotprosjekt der Gjøvikregionen fekk eit delprosjekt. Bakteppet for dette var utviklingstrekk i samfunnet som peiker på store utfordringar knytt til demografi og økonomi. Framover mot 2040 syner prognosane færre yrkesaktive og langt fleire eldre samtidig som økonomien flatar ut og globale utfordringar som klima og migrasjon blir stadig større. Dette kan kome til å gå hardt ut over evna til å halde oppe dagens velferdstenester og ikkje minst løyse nye oppgaver.

Målet med delprosjektet var å utvikle nye løysingar for arealbruk, bygg og produkt (velferdsteknologi) som kan styrke folkehelsa og redusere presset på offentlege tenester (budsjett). På denne bakgrunnen vart det etablert eit tre-partsamarbeid mellom kommunane, næringslivet og forskinga.

Det vart fyrst gjennomført eit forprosjekt som peikte på gode møteplasser som ein viktig føresetnad for at folk skal trivast, vera aktive, hjelpe kvarandre og på den måten bli sjølvhjelpne lengst mogleg. Som eit bilde på gode løysingar vart ei moderne utgave av klyngetunet overført på morgondagens boligbygging trekt fram. Deretter vart det sett i gang eit hovudprosjekt med ein visjon om at kommunane i Gjøvikregionen skal vera føregangskommunar gjennom god samfunnsplanlegging og utvikling av gode bumiljø der folk er sjølvhjelpne.

I samsvar med prosjektplan for hovudprosjektet er det utarbeidd ein modell for Gjøvikregionen, som går ut på å definere innhald (kravspesifikasjon) og beskrive planprosess for framtidig boligbygging. For å få eit grunnlag for utvikling av nye løysingar skal det utarbeidast ein regional strategi som skal vera eit felles styringsdokument (plangrunnlag) for utvikling av gode bumiljø og lokalsamfunn i kommunane. Vidare skal det etablerast eit plansamarbeid mellom næringslivet, forskinga, kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Regional strategi for gode bumiljø og lokalsamfunn

Nå føreligg forslag til ein regional strategi, som blir sendt på høyring til næringslivet, forskinga, kommunane og regionale styresmakter. (Næringslivet er svært fragmentert og ikkje lett å nå.) Etter høyringsrunda vil strategien med eventuelle justeringar bli sendt over til kommunane for vedtak. Det er lagt opp til at vedtak vil skje i perioda juni - september.

Frist til å kome med uttale til høyringsforslaget er onsdag 31.05.17. (Strategien blir òg lagt fram som orienteringssak i regionrådet for Gjøvikregionen 12.05.17.)

I samband med høyring og behandling av strategien stiller Gjøvikregionen Utvikling gjerne opp for å orienter om forslaget. Eventuelle spørsmål kan stilast til Nils Hesthagen, tlf: 91524687 eller epost: nils@gjovikregionen.no.

Helsing



Tore-Ian Killi
Regionsjef



Nils Hesthagen
Prosjektleder

Vedlegg:

Regional strategi for utvikling av bomiljø og lokalsamfunn (utkast av 27.04.17)
Gjøvikregionmodellen (notat av 25.01.17)

Høringsinstansar:

Gjøvik kommune
Nordre Land kommune
Søndre Land kommune
Vestre Toten kommune
Østre Toten kommune
Gjøvikregionen helse- og miljøtilsyn IKS
Regionalt folkehelseforum
Fylkesmannen i Oppland
Oppland fylkeskommune
NTNU avd. Gjøvik
INN avd. Lillehammer
Østlandsforskning
GOBB
Rådgivende ingeniørers forening Hedmark og Oppland
Hedmark og Oppland arkitektforening
Teknas distriktskontor Hedmark og Oppland
NHO Innlandet